



Kystsoneplan - Styringsgruppa

Referat frå:		Møtedato:	07.10.2016	Tid:	10:00-13:00
Møteleiar:	Kjell Håland	Møtestad:	Kunnskapshuset, Stord	Arkivsak:	
Referent:	Snorre Waage	Ref.dato:		Arkivnr.:	

Deltakarar: Kjell Håland, Wenche Tislevoll, Jostein Ljones, Anne-Beth Njærheim, Kjartan Innbjo, Odd Harald Hovland, Eva Katrine Taule, Turid Verdøl, Karoline Eldøy, Snorre Waage

Fråvær:

Kopi til:

Møte i Styringsgruppa – Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Tid: Fredag 07. oktober 2016, kl 10.00 – 14.00

Stad: Kunnskapshuset, Leirvik, Stord.

Møteinnkallinga inneheldt følgjande forslag til møteplan:

1. Prosess mot kommunane
2. Prosess mot akvakulturnæringa
3. Prosess mot regionale statsetatar
4. Forslag til reviderte retningslinjer
5. Vidare framdrift

1: Prosess mot kommunane

- Eldøy og Verdøl (konsulent) presenterte prosessen mot kommunane. Det har blitt gjennomført møte med alle kommunane i planområdet. Møta har vore leia av representant frå planseksjonen, Hordaland fylkeskommune, i samarbeid med konsulent. I dei fleste møta har det og vore deltaking frå klima- og naturressursseksjonen ved Hfk. Møta har i hovudsak vore på administrativt nivå.
- Inspel/spørsmål:
- Det vart stilt spørsmål om det er inntrykk av at dette er ein ønska plan hjå kommunane. Vårt hovudintrykket etter møta med kommunane, er at dei aller fleste kommunane ønskjer seg denne planen og ønskjer at den skal vere eit klart og tydeleg styringsverktøy. Dette vil vere viktig for komande KPA prosessar. Men det er òg kommunar som er ueinig i innhaldet i planforslaget.
- Det vart stilt spørsmål om det faktisk er bruk for denne planen? Denne planen representerer eit viktig kunnskapsgrunnlag for planlegging i sjø i Sunnhordland og ytre Hardanger. Fylkesutvalet har gjort vedtak av planprogram, og planforslaget svarer på dette. Det er ein viktig regional plan som både skal vise behov for vekstmogelegheiter for næringa og viktige miljøomsyn som det er viktig å ta vare på.
- Kva vil denne planen bety for det lokale handlingsrommet? Gir ein slipp på for mykje for lokalt sjølvstyre? Planforslaget har veldig fokus på Akvakultur. Ein bør ikkje bruke arealavgrensingar som eit middel for å oppnå produksjonsavgrensingar.
- Kommunane ønskjer seg ein overordna plan, men når det er strekar på eit kart er erfaringane at det fort kan bli avgrensande for kommunane sitt handlingsrom. Dette handlar om korleis planen vert følgt opp av regionale mynde, og kan difor skape ein viss

uro blant kommunane. Akvakultur er ein næring i rask utvikling, og planen må ikkje leggje avgrensingar på positive tiltak som alle ønskjer, som til dømes tiltak for meir miljøvenleg oppdrettsnæring (sikring mot rømming, lakselusproblematikk m.m.). Det var understreka at det er viktig å hugse at plankartet i regional plan ikkje må lesast som eit kommuneplankart. Det er meir grovmaska og er eit grunnlag for kommuneplanlegginga. Regional plan er ikkje juridisk bindande.

- Det er viktig for styringsgruppa at kommunane har eigarskap til planen. Styringsgruppa vurderte det slik i møtet i juni, at alternativ 2 (det valde alternativ) ikkje vil vere hemmande for næringa dei neste 4 årene, òg vel vitande om at planen vil rulleras. Vi meiner at gjennom prosess mot kommunane i august/september, har kommunane i stor grad fått ytterlegare forståing for innhald og verknad av planforslaget, og at hovudintrykket er at det frå administrativt hold i kommunane er ein ønska plan.
- Det vart stilt spørsmål ved om planforslaget i det heile treng eit plankart? Det visast til planprogramfasen då dette vart vurdert, og til det politiske vedtaket av planprogrammet. Det vart bestemd at planen skal ha eit plankart som synleggjer retningslinene i planen. Det er ønskje om å synleggjere areal til næringa, areal der kommunane har handlingsrom i sine kommunale planar. Dette er ein regional plan med eit grovmaska kart. Pilotdelen av dette planarbeidet ligger i stor del i utviklinga av eit slikt plankart i for betre planlegging av sjøareal.
- Det vart informert om at det i møta med kommunane vart diskutert kommunen sitt eige sjøareal med tanke på eksisterande situasjon, utfordringar og ønska endringar i regional plan, samt nye innspel. Desse ønska/innspela er vurdert i etterkant av møta, og det er gjort endringar i medhald av dette der det har vore mogeleg.
 - I styringsgruppemøtet viste ein kart over tre utfordrande område. Alle tre ligg i område med andre interesser (rød sone i arealanalysen). Alle desse tre områda har problemstillingar som bør takast på kommunalt nivå etter dialog med aktuell fagetat (kystverket ang. farlei).

2. Prosess mot akvakulturnæringa

- Prosjektleiar greier ut om møtet med næringa (Sjømat Norge) 29. september, representert av Hans Inge Algrøy og Geir Magne Knutsen, og brev som vart tilsendt prosjektleiar etter møtet.
- Møtet med næringa vart opplevd som konstruktivt. Det var difor overraskande negative attendemeldingar i dei skriftlege attendemeldingane i etterkant av møtet. Sjømat Norge hadde hatt ein brei runde med næringa og sa dei representerte næringa godt.
- Innhald i møtet/punkter:
 - Generelt kan ikkje næringa støtte planforslaget slik det ligg føre. Dei meiner det er for lite næringsvenleg.
 - Det kan tolkast som at næringa ikkje ønsker denne planen, og at dei meiner det er tilstrekkelig med styring gjennom sektorlovverk.
 - Næringa ønsker i praksis å starte planarbeidet på nytt (med utgangspunkt i næringa og kommunane).
 - Næringa er kritisk til omsynssoner/arealsone landskap. Det understreka at produktspesifikasjonen som er nytta («arealsone») er i medhald av overordna reglar, og er nytta etter samråd med departementet.
 - Næringa ønskjer ny høyring.

3. Prosess mot regionale statsetatar:

- Kystverket:
 - Det har ikkje vore eige møte, men har hatt dialog per telefon. Kystverket er nøgde med planforslaget slik det ligg føre og meiner deira interesser er ivareteke.

- Fiskeridirektoratet:
 - Møte 05.10.2016. Gikk gjennom direktoratet sin høyringsuttale til planforslaget . Noko av innspela er møtt, mens andre innspel er ikkje teke omsyn til. Hfk begrunna korleis ein hadde vurdert innspela til direktoratet. Hovudfokus på retningslinjer og formuleringar i desse. Fiskeridirektoratet ønskjer å vere med på ein avgrensa høyringsrunde. Fiskeridirektoratet meiner det er positivt å få på plass ein regional plan for kystsona.

- Fylkesmannen i Hordaland:
 - Prosjektleiari orienterer om brev motteke av FMHO 06.10.16 og FMHO sin deltaking i planarbeidet.
 - Brevet frå FMHO er ei skriftleg tilbakemelding etter sist møte i arbeidsgruppa 3.juni. FMHO har også lagt reviderte retningslinjer til grunn for uttalen.
 - FMHO signaliserer behov for ny høyring om føreslegne endringar vert tekne inn i planen. Ei full høyring tek lang tid og er svært ressurskrevjande. Styringsgruppa ønskjer å fremje ei avgrensa høyring i kombinasjon med eit dialogmøte med involverte partar på 3 veker, og ber FMHO om å godkjenne dette skriftleg. FMHO har peika på formuleringar i hovudmål og delmål knytt til berekraftsbegrepet. Styringsgruppa ber om at FMHO sine innspel vert tekne til følgje.
 - FMHO ønskjer at siste setning i pkt. 1.3 i retningslinjene vert fjerna. Setninga er henta frå rundskriv om motsegn frå departementet. Styringsgruppa ønskjer at setninga i 1.3 vert ståande.
 - FMHO poengterer at ein i større grad må ha utgreiingar i forkant av nye areal, og ønskjer å tydeleggjere retningslinjene på dette (Pkt 1.4). Styringsgruppa stiller seg positiv til dette.
 - FMHO stiller spørsmål til om det er greitt å leggje til KPA-avklarte areal utan vidare prosess, og om kunnskapsgrunnlaget her er godt nok. Styringsgruppa meiner at areal som er forankra i arealdelen i kommuneplanane er juridisk planavklarte areal som er kome til etter demokratiske planprosessar, og at desse såleis bør vera gyldige også på regionalt plannivå. Det er vidare presisert i generelle retningslinjer for akvakultur (2.13-2.16) at kommunane i samband med revisjon av kommuneplanane må gjera heilskaplege vurderingar om eignaheit og behov for eksisterande og nye areal. Saman med endringa i pkt 1.4 om krav til KU for nye areal meiner styringsgruppa dette perspektivet er ivareteke. FMHO meiner ein ikkje kan redusere omsynssoner/arealsone landskap slik det er føreslått i nytt forslag; at det er akvakulturnæringa som bør tilpassa seg landskapssonene, ikkje vise versa. Avgrensing av arealsone landskap er kome fram gjennom ei analyse av område med sumverknad knytt til regionalt og nasjonalt viktige område for natur, kulturminner, landskap og friluftsliv. Det er ikkje teke med alle slike område i planområdet, men søkt å trekke ut eit representativt utval som syner ulike typar område i kyst og fjordstrøk. Det var også i planframlegget til høyring gjort ei slik tilpassing og utval. Det vart presisert i diskusjonen at framheving av enkeltområde gjennom arealsone ikkje fråtek kommunen ansvar for å sikre dei regionale og nasjonale verdiane i området som ikkje ligg innanfor ei arealsone. Styringsgruppa opprettheld vedtak frå førre styringsgruppemøte, og fastheld forslaget som ligg i revidert planforslag.
 - FMHO meiner i avsnitt 4, s. 3 i deira brev, at det er «trong for å klargjere korleis ein skal forstå pkt 1.4 om at det regionale plankartet er retningsgivande, [...]». Det vil bli sett nærare på dette avsnittet og vi kjem attende til dette i neste styringsgruppemøte.
 - FMHO viser i brevet s. 3 til tidlegare uttale 07.10.2015 om at «Rapporten konkluderer med at næringa har ein del uløyste problem. [...]. Vidare vekst i akvakulturnæringa må ha som føresetnad at desse tema får ein annan status enn «ikkje tilfredsstillande»». FMHO meiner at denne uttalen i tillegg no er forsterka grunna nye areal til akvakultur i nytt planforslag. Styringsgruppa er ikkje samd med uttalanene til FMHO på dette punktet.

- FMHO ønskjer at retningsline 1.5 vert fjerna frå planforslaget. Denne retningslina har administrasjonen tatt inn for å vere ein hjelp for eldre KPA som ikkje er oppdatert og dei mange motsegna frå FMHO på dispensasjonssøknader. Vi meiner at poenget med dette punktet er viktig, og det kjem òg med bakgrunn i dialog med kommunane. Ein kan her legge til at endringar som næringa etterspør til dømes er å endre drift frå stål til plastringar, noko som i utgangspunktet er betre for miljø og berekraft. Styringsgruppa poengterer at for rigid handsaming av desse førespurnadene kan motverke positive miljøgrep. Styringsgruppa ønskjer dialog med FMHO om dette, at ein får ein administrativ prosess.
- FMHO ønsker at vi i pkt 2.4 (generelle retningsliner) skal vere meir konkret. Styringsgruppa meiner det her er greitt å følgje innspel frå FMHO.
- FMHO understreker eit absolutt plankrav i strandsona, men kan akseptere unntak for naust som vi har foreslått i planforslag. Viktig at det vert tatt opp i by og tettstader. FMHO peiker vidare på forholdet til interkommunal strandsonerplan, og at det må sikras allmenn ferdsel over brygger. Styringsgruppa er samd med FMHO på dette punkt, og understreker at det må vere samordning mellom regional plan og interkommunal plan. Både styringsgruppa og prosjektleiar understreker behovet for tett dialog med det interkommunale planarbeidet.
 - Forslag: Eit større fellesmøte mellom alle partar (med kommunar, næring, FMHO) der ein kan diskutere problemstillingar.
- Dersom ein har skriftleg bekreftelse frå FMHO ønskjer styringsgruppa at planforslaget vert sendt på avgrensa høyring (regionale etatar og næringa) og at det vert gjennomført fellesmøte/samling for aktuelle partar i planarbeidet.

4. Forslag til reviderte retningsline

- Diskutert gjennom føregåande diskusjonar.

5. Framdrift

- Gitt at ein får ein skriftlig klarering frå FMHO ønskjer styringsgruppa at planforslaget med aktuelle endringar vert sendt på ein avgrensa høyringsrunde. Styringsgruppa sikter no mot vedtak i fylkestinget i mars 2017.
- Prosjektleiar meldar til Fylkesutvalet at det ikkje vert mogleg med vedtak i desember 2016.
- Neste møte i styringsgruppa vert fredag 4. november på Solstrand. Her ønskjer styringsgruppa at Fylkesmannen vert invitert med i dette møtet. Det må vere eit administrativt møte med Hfk og FMHO i forkant av dette møtet.
- Styringsgruppa foreslår at ein arrangerer eit dialogmøte/fellesmøte etter neste styringsgruppemøte (for FMHO, Næringa, Styringsgruppa, i tillegg til kommunar som har vore særleg kritiske til planforslaget).
- Det er planlagt at ein skal avhalde særskild møte med Tysnes kommune og med Austevoll kommune. Styringsgruppeleiar tek ein vurdering på korleis dette best kan gjennomførast, i lys av nye moment som har kome til i planarbeidet.